

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Emmeliste nr 43

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauda

Emne: Ting til legedom og

Bygdelag:

Oppskr. av: v<sup>ern</sup> mot sjukdom  
Dorthea Rabbe,  
Saudsjøen.

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Ringer.

Sp 1 Ja, ein har brukt sokalla giktringar.

Det var metalringar som lett <sup>var</sup> ~~var~~ myrke, eg veit ikkje kva dei var av. Eg trur dei kalla det tambak.

Sp 2. Ja, det var glatte ringer som vanleg giftering, og eg synest hugse at det var kramkarar som selde dei.

Der stod visst ingenting inni. Metallet var truleg ein blanding med noko messing og tin.. Om dei hjelpte nokon for ve og verk hørde eg ikkje noko om.

Sp 3 Sjå ovanfor. Avertering og ukeblad fanst ikkje i bruk på landsbygdi den tid, ca 60 år sidan.

Det som er nemt i dei neste spørsmåli kjenner eg ikkje til fyrr ein kjem til sp. 10 om belter. Dei kan eg sovidt hugse her fanst i min barndom, dei vart ogso kjøpte av omreisande folk, kramkarar eller andre handlande. Eg synes hugse at der låg raudt ty millom dei duble metalplatene som eg trur var av storleik som 3x 3 cm og firkanta. Dei kalla det giktbelte eller elektrisk belte. Ikkje minst eg nokon vart god av desse heller. Om dei la beltet i eddikk veit eg ikkje.

Sp 14. Dei bruka øyreringar fyrr, men helst av edelt metall og vissleige berre til pynt. Eit undantak var omreisande fenter(sigøyner) dei hadde jamnast noko i øyrene som ikkje såg so ekte ut. Anhenda var det amulëttar.

Øyreringar var festa gjennom hol, me kven som stakk? Veit ikkje.

Kunde ein røkja lenger attende vilde ein sikkert finna mangslag ting dei bar på seg for det eine og andre vonde, amulett. Men frå mi tid er det ikkje noko å nemna herifrå. Dei som bar på noko slikt hadde det ogso i løynd. Ajem eg underu<sup>nd</sup> med noko når eg kan treffa gamalt folk skal eg suplare sidan. Med vinteren treffer eg ikkje med gamle.